



Her er Julie Skeie Olsen solist med Uskedal skulemusikk på julekonserten 2015. I helga vart ho Norgesmeister.

**Julie Skeie Olsen frå Omvikdalen er ein svært aktiv og dyktig ung musikar. I tillegg til å vera visedirigent i Uskedal skulemusikk, og å spela i begge korpsa i Rosendal, spelar ho også fast på soloeuphonium i Tysnes Musikklag. I helga vart Brass-NM arrangert i Grieghallen, og der gjekk det gode Tysnes-korpset heilt til topps i 3.divisjon.**

Tysnes Musikklag vart ein klar Norgesmeister i 3.divisjon med 94 poeng fulgt av Lindås Brass(92) og Manger old stars(91,5). Solistprisen i divisjonen gjekk også til Tysnes ved solokornettistane Camilla Sjøvoll og Nich Hughes. Dei vart dirigert av deira velkjende og faste dirigent Yngve Nikolaisen. Mor til Julie, Martha Skeie Olsen, var også med på bragden. Ho spela basstrombone i korpset. Vi gratulerer!!

I tillegg til å vera dyktig musikar og instruktør skriv også Julie musikk for brassband. Ho har komponert fleire nummer for Uskedal skulemusikk.

Vegard Døssland spela også i år med Jaren HMF. Dei oppnådde ein imponerende 4.plass i eliten etter Eikanger/Bjørsvik, Manger og Stavanger.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Hans Ordin Østebø